



DEN SISTE STORE REST AV DET BRUNE JÆREN

Synesvarden landskapsvernombord vart freda ved Kongelig resolusjon 17. september 1993. Det omlag 14 km² store llynghiområdet ligg i Hå kommune og Time kommune, dels på privat og dels på statleg grunn.

Føremålet med vernet er å ta vare på eit jærsk hei-, myr- og beitelandskap slik det har utvikla seg dei siste par tusen år fram mot vår eiga tid. Vidareføring av den tradisjonelle landbruksdrifta med sauebeiting og lyngbrenning er såleis viktig. Landskapet sin stillferdige venleik er skildra på ein varsam måte i Arne Garborg sine tekstar og som fint studerte måleri av Kitty Kielland.

Den menneskeskapte llynghieia inneheld ulike kulturminne, m.a. gjetarhytter, torvlører, steingjerde og steinalder-buplassar. Området har eit særmerkt plante- og dyreliv, med fleire sjeldne innslag. Det finst og rikeleg med geologiske landskapsformer som kastar lys over korleis Jæren vart forma mot slutten av siste istid.

Vernet er to-delt. Det meste av verneområdet er plantelivsfreda og dette inneber eit strengare vern mot alle former for aktivitet som fører til endring av vegetasjonen. Ytst i nord og vest er det to soner utan plantelivsfredning. Her gir vernet i større grad rom for aktivitet og tiltak knytta til landbruksdrift.

Vernet er ikkje til hinder for plukking av matsopp, bær eller planter som er vanlege i distriktet.


FRILUFTSLIVS-OMRÅDE

Det finst eit nett av blå-merka turstigar i området. Du er elles velkommen til å gå utanom stiane, berre du følgjer vanlege ferdselegralar og tek omsyn til natur og beitedyr. Merking og tilrettelegging er i samråd med grunneigarane.

For familiar i vanleg marsjfart, tar turen Holmavatn - Synesvarden omlag 1 time, turen Synesvarden - Steinkjerringa omlag 1 time og Holmavatn - Steinkjerringa omlag 1 time.

JAKT OG FISKE

- Jakt er i samsvar med viltlova.
- Det er godt med aure i småvatna, og aure og røye i Holmavatn og Storamos. Dersom du har fiskekort og fiskestong, er det berre å prøve fiskelykka! (Fiskekort får du kjøpt m.a. på Holmavatn Ungdoms- og Misjonssenter).



SKILT

Langs med stiane er det sett opp skilt med informasjon om natur og kultur. Her kan du få svar på mellom anna desse spørsmåla:

- Kvifor er det så mange haugar og rygger i området?
- Kva slag dyr kan eg møte på? Kan eg møte ulv idag?
- Kva slag planter er vanlege og kva slag er sjeldne?
- Korleis vart beitedyra verna om i gamle dagar?
- Korleis dreiv jærbuen torvskjering?
- Kvifor står det ei stor statue midt i audemarka?

FERDSELREGLAR

Du er velkommen ut i landskapsvernombordet, men hugs dei vanlege ferdselegralane:

- Hugs båndtvang heile året. Bonden kan avliva hund som jagar husdyr.
- Vis respekt for andre sin eigedom.
- Ver varsom så du ikkje skadar kulturminne.
- Husdyr, fugl og vilt må ikkje uroast.
- Øydelegg ikkje gjerde. Lukk grinder.
- Ta med søppel heim.
- Motorferdsle er forbode. Særskilde reglar gjeld for landbruksdrift.
- Hugs brannfaren. Open eld er forbode frå 15 april til 15 september.
- Hugs fiskekort dersom du vil fiska.

Frå Arne Garborg sine
"KNUDAHEI-BREV"

"Meir og meir glad vert eg i Sudjærs-Heidane au no (dei eg fyrr lite kjende til; fraa Garborg saag me deim ikkje). Det er milevide Lyngmarkir og Utslaattir og Torvmyrar, med her og der ut-omot Bygdine ein einsleg Gard eller Plass. I rolege breide Drag stig dei sud-yti upp imot Synes-Varden, den eg so vidt skimtar her; so kjem lengst sud Ogna-Fjell, og lengst sudvest Sjøen."

Men korkje-Fjell eller Sjø ser eg herifraa paa den Leidi, og der er daa Jæren full-komin; berre Heid og Himil, berre Lyng og Luft. Ein Villheim for seg sjølv er dette. Det kan vanke ein Skyttar der so ender og Gong, eller ein Lyngslaattar, til sine Tidir kjem ei Torvkjerre skranglande med si lange Grind, ein Heia-Gjædar driv ikring med Smalen sin, det skvett ein Hare her og der, ein Lóm eller ei Ørn flyg, ein Hegre stand og drøymer attmed ei Tjørn, elles ligg alt som i Trollsvevn."

INFORMASJON OG FORVALTING

Landskapsvern-området vert forvalta av Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelinga, postboks 59, 4001 Stavanger. Tlf. 51 56 89 00.

Hå kommune arbeider aktivt med tilrettelegging for friluftsliv og vedlikehald knytta til dette. Tlf. 51 43 60 00.

Dette prosjektet er gjennomført som et samarbeid mellom






“MOR NORGE” MIDT I HEIA

I 1898-99 arbeidde bilethoggaren S. Neandros (Sigurd Sørrendsen) på monumentet "Fortiden" i Stavanger. Meininga hans var at det skulle stå utanfor Kongsgård. Men verket vart ikkje sluttført, og bilethoggaren reiste til Amerika og kom aldri tilbake.

Den halvferdige statuen, som vart kalla "Mor Norge", stod ved Stavanger jernbanestasjon i mange år, og skulle eigentleg øydeleggjast. Men i 1924 sette Emelankton Aadnesen frå Nærø i gang ein bergingsaksjon. Eit hundretals personar i Nærø og Varhaug støtta opp med i alt 500 kroner, og statuen vart frakta

med tog til Vigrestad stasjon og med bil til Aniksdal. Transporten frå Aniksdal til steinen "Jolosten" 4-5 kilometer inn i heia måtte skje på hardt vinterføre, og tok heile to år. Sjølv om den tre tonn tunge statuen var delt i tre delar, trongst det tre mann og to hestar til arbeidet, og dei sleit ut to sålingar under sleden.

7. juni 1927 vart "Mor Norge" løfta opp på steinen med ein åtte meter høg steinbukk. Der har ho sidan sitte for å minna jærbuane om "storverk i farne tider". I daglegtalen fekk ho namnet "Steinkjeringjå".






LYNGHEI OG MYRSØKK

Synesvarden-området er det største gjenverande llynghelandskapet på Jæren. Slik såg også Flat-Jæren ut før oppdyrkinga skaut fart i siste halvdel av 1800-talet.

Som namnet seier, er llynghplanter eit dominerande innslag i den heller fattige vegetasjonen. Dei vanlegaste llynkartane er røsslyng og klokkeling. På tørre høgdedrag (holar) finn ein også tytebær, mjølbær



og krekling, og urter som tepperot og skogstjerne.

Fuktigare hei er meir prega av grasliknande artar. Bjønnskjegg, finnskjegg og heisev vitnar om hard beiting, medan blåtoppenger tyder på det motsette. Den gule giftlilia rome er årsak til sauesjukdomen alveld ("hovdاسott").

På torvmyrane står myrulla kvit. I området kan ein dessutan finna dvergbjørk og molte, som vanlegvis trivst



mengder mikroskopiske havdyr. Desse vart avsette for om lag 40.000 år sidan då landet var sterkt nedpressa. Vegetasjonen i mergelleire-områda er frodig, mellom anna med den sjeldsynte myrsildra, som elles berre finst heilt nord i landet.

Av treslag finn vi ein og annan smårogn som fuglane har sådd. Beitande dyr sørger for at småtrea ikkje blir gamle.



SUR RØYK OVER JÆREN

Torv er planterestar som er omlaga til jord i vatn og våtmark, der det er lite tilførsle av oksygen. Fortorvinga har gått føre seg sidan slutten av istida, men særlig kraftig dei siste 3000 åra.

Dei fleire meter djupe torvmyrane kan fortelja oss mykje om plantelivet i forhistorisk tid. Mellom anna vitnar dei mange røtene i torvmyrane om at det ein gong var skog på Jæren. Furu, eik og seinare bjørk var dei dominerande treslaga.




På den skoglause Jæren vart torv ein viktig brenselressurs. Fram til elektrisiteten kom, var ein god "torvbe'e" like viktig for jærbuen som skogen var det for austlendingen.

Torvskurden gjekk vanlegvis føre seg i mai, etter våronna. Små og store var på torvmyra frå morgen til kveld. Arbeidet var hardt, men samstundes ei avveksling frå kvardagen.

Først vart den øvre


grastorva skoren av og radene rissa opp med torvljå. Deretter skar mannofolka ut dei firkanta torvene med ein spesiell torvspade. Ungane fekk gjerne i oppgåve å leggja torvene utover til tørk. Etter 2-3 veker vart torvene reiste, to og to på kant mot kvarandre, ei ved sida og ei oppå. Noko seinare vart dei sette i "røyk" (stakk). Utpå sommaren vart så det tørre torvet kjørt heim i skuten eller i torvløa.





HAR DU SETT JÆRHAREN?

Det er lenge sidan gjetarar låg i heiane på Høg-Jæren for å verja beitedyra mot **bjørn** og **ulv**. Men namn som Bjønnbakken og Ulvarudlo i landskapsvernombordet vitnar om at dei store rovdyna fanst her - ulven heilt fram til midten av 1800-talet.



Reven er framleis vanleg, og heivandraren kan også støyta på ein og annan **røyskatt** som kikkar forviten fram mellom steinane.



Med skogplantinga har også **rådyret** gjort sitt inntog i området.




Det vanlegaste større pattedyret er likevel **haren**. Jærharen er tilpassa det milde og snøfattige klimaet, og blir ikkje kvit om vinteren.



Karakterfuglen i lynchheiane er den vesle, gråbrune **heipiplerka**. Vanleg songlerke er det óg ein del av, sjølv om ho ikkje er så talrik som på flatlandet.



På steinar og tuer sit **steinskvetten** ("stein-dilp") og kniksar.



Av vadefuglar er **enkeltbekkasin** ("mekregauk"), **storspove**, **myrsnipe** og **heilo** ("helun") dei vanlegaste. Arne Garborg var særleg glad i den vemodige tonen frå heluna. "Kvar gong ho fløytar på lynchgrå tuve, då vert eg i hjarta varm", skriv han i eit Haugtussadikt.

Av og til kjem rovfuglar som tårnfalk, sporvehauk, fjellvåk og kongeørn på gjeste-visitt. Men den einaste rov-fuglen som rugar i området, er **jordugla**, og då berre i smågnagarår.






SOVESTAD FOR SAU

Sauen var i gamal tid eit viktig husdyr på Jæren. Kvar gard hadde ein saueflokk, som heldt familien sjølvberga med kjøt og ull. Spinning og vevning var vanleg i heimane fram til ullvarefabrikkane kom rett før hundreårs-skiftet. Somme heldt fram med heimespinning heilt til siste krig.

Sauene var utsette for rovdyr. Både bjørn og ulv fanst på Jæren. Særleg ulven - eller skrubben, som jærbuen sa - kunne gjera store innhogg i saueflokkane så seint som i 1850-åra.



Sauen måtte difor gjetast når han gjekk på beite. På snøfattige Jæren kunne sauene gå ute heile året, og gjetarane måtte difor passa på både





sommar og vinter. I eldre tid var det ofte barn og ungdom, gjerne frå fattige heimar, som vart sette til gjeting. Dei leid



mykje vondt i regnet, vinden og kulda. Gjetinga heldt fram ei tid etter at rovdyrfaren var over, mest for å halda sauene flokkane frå kvarandre.

I samband med utskiftinga tidleg på 1900-talet vart det lødd opp steingjerde mellom eigedomane, og då tok gjetinga slutt.


I heia vart det bygt enkle hytter for gjetarane. Dei låg helst ved ei "læga", ei frodig slette der sauene kunne roa seg for natta. Ved hytta kunne det også vera ei innhegning ("garde") til å samla og skilja sauene, og til vern mot rovdyr.






DØD-IS-LANDSKAP, EI SISTE HELSING FRÅ ISBREEEN


For 12-15.000 år sidan var isbreen i ferd med å missa grepet om Jæren. Klimaet vart gradvis mildare, isen smelta, og landet kom til syne. Landskapet rundt Storamos har eit kaotisk og uryddig mønster av ryggar og haugar. Desse fortel om isens siste krampetrekkningar då ein bre-arm sklei ut frå fjellheimen og dekka Høgjæren.



Den majestetiske **Snøderyggen** låg eingong på botnen av breen. På fagspråket vert denne formasjonen kalla ein **esker**. Eskerane er eigentleg restar etter breelvar. Smeltevatnet frakta med seg sand og grus som la seg i ein tunnel under breen. Då isen smelta og tunnelveggane vart borte, vart massane liggjande som ein rygg i landskapet.



Sjølve **Snøden** er ein kjegleforma topp som geologane kallar "kame". Slike formasjoner vart til ved at smeltevatnet la frå seg grus og stein i eit hol i breen. Då isen vart borte, raste massane ut til sidene, og me fekk ein kjegle- eller pyramideforma haug.



Enkelte stader vart store isblokker liggjande igjen, isolerte frå hovudbreen. Då også desse smelta, laga det seg runde forsenkningar i landskapet - såkalla dødisgrøper eller **grytehol**. I dag finn me dei att som myrar, gjerne med ei lita tjørn i midten. Tjørna har ikkje synleg avløp. Vatnet går som grunnvasstraumar gjennom grusen.

